

**Til:** Sogndal kommune  
**Frå:** Johannes Henrik Myrmel  
**Dato** 2018-06-11

## Områdereguleringsplan Hodlekve

I samsvar med §§ 12-1, 12-2 og 12-8 i plan- og bygningslova vert det varsla om høyring av planprogram og oppstart av arbeid med utarbeiding av to **områdeguleringsplan for Hodlekve**. Gjennom arbeidet vert det utarbeidd to planer. Områdereguleringsplan for Hodlekve (plan 1) og områdereguleringsplan Rindabotn – Kambafjellet (Plan 2).


### 1 Reguleringsplan

#### 1.1 Grunneigar

Norconsult AS gjennomfører planarbeidet for Sognefjorden Utvikling AS.

#### 1.2 Planområdet

Planområde femnar om plan 1 og plan 2 som er synt med stipla linje i kartet nedanfor.



#### 1.3 Planstatus

Hodlekve er definert som hovudutviklingsområde for hyttebygging. Hyttebygging er ein del av strategien med vidareutvikling av fritidsområdet basert på «nyskapande» friluftsliv som femnar om klatring, ski og frikøyring. I omtala til kommuneplanen går det fram at «Skal kommunen vera ein

attraktiv stad for hyttebygging, må vi samstundes sikre at naturverdiane, landskapsbiletet, mulegheitene for friluftsliv og andre viktige verdiar vert tekne vare på.»

Plan 1 femnar om areal for hytter som i arealdelen til kommuneplan for Sogndal kommune lagt ut som framtidig kombinert område for bygg og anlegg. Det omfattar både om omsynssone der vedtekne planer gjeld og sone med krav til samla områderegeringsplan.

Plan 2 er sett delvis som alpinområde og delvis som LNF-område med omsynssone der det er opna for etablering av heisanlegg til Kambafjellet.

Det meste av arealet er regulert i reguleringsplan for Hodlekve – Stedjekammen (plan-ID 1420-2014005). Planen vart vedteken den 25. januar 2007. Med utgangspunkt i denne planen er det utarbeidd to reguleringsplanar som legg til rette for utbygging av fritidsbygg. Desse vart vedtekne i 2013 og 2017.

#### 1.4 Hovudmålet med planarbeidet

Formålet med planarbeidet i planområde 1 er å legge til rette for vidare hyttebygging og etablering av baseområde samt trygge tilgjenge til idretts og aktivitetsområde i og ved planområdet. I planområde 2 legg planen til rette for ny heis (T-krok) og nedfartar frå Kambafjellet. Plan- og utviklingsarbeidet skal bygge opp om utviklingsstrategien i kommuneplanen, med fokus på «nyskapande friluftsliv».

#### 1.5 Planprogram og konsekvensutgreiing

Planarbeidet er vurdert til å verte fanga opp av verkeområdet til forskrifta om konsekvensutgreiingar. Det er utarbeidd felles planprogram for planarbeida.

Formålet med planprogrammet er å sikre medverknad om situasjonen i dag, informere om kva som er formålet med planarbeidet, klargjere aktuelle alternativ og avklare plan- og utgreiingsbehovet som planarbeidet reiser.

Plandokumenta som skal utarbeidast med utgangspunkt i fastsett planprogram:

1. Områderegeringsplan for Hodlekve med tilhøyrande planføresegner (plan 1) og områderegeringsplan Rindabotn – Kambafjellet med tilhøyrande planføresegner (Plan 2) i samsvar med § 12-3 i plan- og bygningsloven.
2. Felles planomtale med tilhøyrande konsekvensutgreiing som klargjer mål prinsipp og planen sine vesentlege verknader i høve miljø, samfunn og rørte partar, interesser og omsyn i samsvar med § 4-2 i plan- og bygningsloven.
3. Felles risiko- og sårbarheitsanalyse som vert utarbeidd i samsvar med § 4-3 i plan- og bygningsloven.

## 2 Merknader/uttaler til oppstart av planarbeidet

For nærmere informasjon om planarbeidet kan spørsmål rettast til:

Johannes Henrik Myrmel  
mob. 454 04 993  
e-post: johm@norconsult.no

Dersom du har opplysningar, synspunkt, merknader, planar eller informasjon om tinglyste rettar som kan vere av interesse for planarbeidet, ber vi om at du tilskriv:

Norconsult AS  
Campus Fosshaugane  
Trolladalen 30  
6856 Sogndal

**Frist for å sende inn merknader er sett til 20. august 2018.**

Eventuelle merknadar til planprogrammet og planarbeidet vil verte vurdert i samråd med kommunen.


## 3 Vidare saksgang

Arbeidet er i oppstartfasen. Vi er i gang med å registrere og samle inn opplysningar for planarbeidet. Målet er å oversende planframlegget til Sogndal kommune for handsaming sommar/hausten 2018. Planen vert lagt ut til offentleg ettersyn når kommunen finn framlegget tilfredstillande. I samband med at offentleg ettersyn vert gjennomført, er det mogleg å sette fram merknader til planframlegget som vil bli vurdert av kommunen i samband med den vidare handsaminga av planen.

Vedlegg:

**Arealdelen til kommuneplana for Sogndal kommune, 2013 -2023 - Utsnitt**

Vedteken av Sogndal kommunestyre den 14.11.2013



Teiknforklaring og meir informasjon om arealdelen til kommuneplanen finn ein på heimesida til Sogndal kommune.

J01	2018-06-11	For Bruk	JOHM	ANSHE	JOHM
<b>Versjon</b>	<b>Dato</b>	<b>Omtale</b>	<b>Utarbeidd</b>	<b>Fagkontrollert</b>	<b>Godkjent</b>

Dette dokumentet er utarbeida av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram av oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.